



Alver kontrollutval

Møteprotokoll

- Møtedato: 31. mai 2021 kl. 09:00 – 15.30
Stad: Formannskapetssalen, Frekhaug
- Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Dag Erik Hagesæter (vara for Tveranger)
- Forfall: Arild Tveranger (medlem)
- Innkalla: Ordførar Sara Sekkingstad, Rådmann Ørjan Raknes Forthun, Kommunalsjef samfunnsutvikling Hogne Haugsdal (til sak 23/21), Kommuneadvokat Jarle Landås (til sak 24/21), Rådgjevar HR og utvikling Marianne Stolpe (til sak 26/21)
- Revisor: Statsautorisert revisor Harald Sylta og forvaltningsrevisor Magnus Nedrelid Heggen, KPMG (via Teams frå kl. 12.00)
- Sekretær: Tonje Husum Aarland og Bent Gunnar Næss, Region Nordhordland IKS
-

20/21 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 31. mai 2021

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 31. mai 2021 er godkjent.

Behandling i møte:

Ingen merknader til innkalling og sakliste til møtet.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 31. mai 2021 er godkjent.



21/21 Godkjenning av protokoll frå møte 26. april 2021

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 26.04.2021

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 26.04.2021 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Ingen merknader til møteprotokollen frå førre møtet.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 26.04.2021 er godkjent slik den ligg føre.

22/21 Skriv og meldingar

Saksopplysingar:

Ingen skriv og meldingar til møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Ingen skriv og meldingar til møtet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



23/21 Orientering om planstrategi 2020 - 2023

Saksvedlegg:

Planstrategi 2020 – 2023, Alver kommune

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vedtok i sak 17/21 å utsette den planlagde orienteringa om planstrategi til dette møtet.

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging. Planstrategien skal drøfte utviklingstrekk i kommunen, og tek stilling til kva samfunnsutfordringar som skal møtes av nye, eller revidering av eksisterande planar.

Alver kommunestyret vedtok planstrategi for Alver kommune i sak 28/20, og har vedteke endringar i planen i sak 039/21 i møtet 25.03.2021.

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om planstrategi 2020 – 2023.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Hogne Haugsdal orienterte om kommunal planstrategi og omtala nærare:

- Plan- og bygningslova § 10-1 og krav kring 4-årig rullering av planstrategien
- Plansystemet og prosessregler for kommuneplanar og kommunedelplanar
- Arealdelen og prosessen for denne knytt til medverknad og høyring
- Nasjonale føringar og forventingar til kommunal planlegging
- Analysegrunnlag og vurdering av planbehov
- Planstrategi vedteke 14. mai 2020 og revidert 25. mars 2021
- Sentrale planar og analysar; samfunnsplan gjev dei overordna strategiane, medan handlingsplanen er den konkrete gjennomføringa
- Medverknad; innspel i løpet av planprosessar (plb. § 5-1)
- Koplinga mellom planar og økonomiplanen, og bruk av Framsikt som digitalt verktøy for å sikre samanheng i planlegginga, gjennomføringa og rapporteringa
- Byvekstavtalen og forpliktingar kring dei nasjonale retningslinene
- Samfunnsdelen av kommuneplanen vert lagt på høyring i september.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



24/21 Orientering om reguleringsplan for Bressvika

Saksvedlegg:

Forskrifter til reguleringsplan for boligfelt i Bressvika, Alver kommune

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet fekk under skriv og meldingar i sak 13/21 orientering om ei henvending knytt til reguleringsplan for Bressvika og spørsmål handsama i sak 28/14 i Radøy kontrollutval.

I planregisteret på Nordhordlandskart kan ein finne oversikt over reguleringsplanar, kommune(del)planar og arealplanar som er under arbeid: [Planregister \(nordhordlandskart.no\)](http://Planregister.nordhordlandskart.no). Her ligg mellom anna forskrifter til reguleringsplan for bustadfelt i Bressvika.

Administrasjonen vil i møtet gje ei orientering om reguleringsplanen for Bressvika og prosessen kring denne.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Kommuneadvokat Jarle Landås (tidl. rådmann i Radøy kommune) orienterte nærare om reguleringsplan for Bressvika, og peika mellom anna på:

- Kompleksiteten i saka
- Reguleringsplanen for Bressvika var handsama av kommunestyret i Radøy kommune i møtet 11.10.2001. Kommunestyret vedtok reguleringsplanen med eit motsegn frå Fylkesmannen datert februar 2001. Det betydde at reguleringsplanen ikkje var gyldig og måtte følgjast opp for å få endeleg godkjenning av reguleringsplanen.
- Etter forhandlingar med Fylkesmannen og endringar i planen ble motsegnet trekt av Fylkesmannen 10.09.2002.
- Reviderte plandokument ble kun handsama i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk, og ikkje av kommunestyret.
- Fylkesmannen har etter klagehandsaming om planen lagt til grunn at reviderte plandokument ble godkjent av kommunestyret i Radøy 28.11.2002;

«Fylkesmannen legg til grunn at sakshandsaminga har vore utradisjonell i dette tilfellet, ved at planen i første omgang vart vedteken trass i at det låg føre motsegn frå Miljøvernavinga. (...)



Fylkesmannen meiner likevel ikkje at feilen i dette tilfellet har hatt innverknad på det endelege vedtaket i saka, det framgår såleis av Miljøvernavdelinga sitt brev datert 10.09.2002 at kommunen ved justering av planen har teke omsyn til motsegna. Fylkesmannen har og vektlagt at planforslaget vart lagt fram for kommunestyret på ny den 28.11.2002 for klagehandsaming/endeleg godkjenning.»

- Det vart i 2004 søkt om mindre endring av reguleringsplanen som vart godkjent, med utgangspunkt i den vedtekne reguleringsplanen etter Fylkesmannen sin endelege vurdering av saka.

- Fagetaten i Alver kommune har fått avklaringar frå Fylkesmannen for spørsmål til reguleringsplanen, og følgjer opp den vedtekne reguleringsplanen og løpande sakshandsaming knytt til denne.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar. Statsforvaltaren (tidl. Fylkesmannen) har gitt sin vurdering i saka og lagt til grunn at den reviderte reguleringsplanen som vart godkjent av kommunestyret 28.11.2002 har vore gjeldande, samt med ei mindre endring i 2004.

Kontrollutvalet viser elles til saka som vart handsama i Radøy kontrollutval i sak 28/14 og vil etter handsaminga i dag ikkje legge til noko nytt til dei vurderingane som vart gjort i 2014.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering, og viser til konklusjonen gjort i kontrollutvalet i Radøy kommune i sak 28/14 i 2014.

25/21 Orientering om investeringsprosjekt i Alver kommune

Saksopplysingar:

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om større investeringsprosjekt i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Denne saka var handsama etter sak 27/21.



Kontrollutvalet drøfta utsetting av saka.

Samrøystes vedtak:

Saka vart utsett til neste møte.

26/21 Orientering om system og rutinar for varsling

Saksopplysingar:

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om system og rutinar for varsling i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Denne saka vart handsama etter sak 24/21.

Rådgjevar HR og utvikling Marianne Stople orienterte om system og rutinar for varsling i Alver kommune og orienterte nærare om;

- Elektronisk varslingsystem «Mitt varsel» som er tilgjengeleg for alle tilsette i kommunen, og som gjev ein moglegheit for anonyme varslingar
- Kommunen sin varslingsgruppe og oppfølging av varsel
- Hovudverneombodet er ein del av varslingsgruppa
- Varslingsrutinar i Alver kommune og retningslinjer for varslingsgruppa
- Det var 13 innmeldte varsel i løpet av 2020, 6 av desse er handtert som varsel og er avslutta
- Tillitsvalde vert kopla på saker dersom det er behov for dette i eventuell oppfølging av saker
- Dersom det kjem varslar via e-post og brev, vert dette lagt inn i varslingssystemet
- Både den som varslar og den det eventuelt varslast om får informasjon om dette og korleis det vert følgt opp.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



27/21 Oppfølging av sak 13/21 e – brev til kontrollutvalet

Saksvedlegg:

Brev til kontrollutvalet datert 11.04.2021

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet gjennomgjekk under skriv og meldingar i sak 13/21 e eit brev sendt til kontrollutvalet 11.04.2021 med spørsmål til handtering av to enkeltsaker knytt til opplæringslova, arbeidsmiljølova og forvaltningslova. Kontrollutvalet har bedt administrasjonen om å gje ei tilbakemelding knytt til innhaldet i brevet.

Administrasjonen vil gje ei nærare orientering i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Statsautorisert revisor Harald Sylta og forvaltningsrevisor Magnus Nedreid Heggen deltok via Teams i denne saka.

Rådmann Ørjan Forthun deltok i saka og svarte på brevet som var sendt inn til kontrollutvalet datert 11.04.2021:

- Innleiing – det meste av det kommunen gjer er med heimel i lowerket
 - § 9 i opplæringslova
 - NOU 2015-2 – kap 8
 - Tar opp temaet - krenking av elev frå lærar
- Understreka at eleven skal ivaretakast og læraren skal ivaretakast
- I brevet står det at fokuset har vore på kommunen si forvaltning – ikkje personalsakene og personar. Det er tatt opp 4 punkt:
 - 1) Manglande lokal plan og rutinar for Opplæringslova § 9a våren 2019
 - 2) Formelle feil i sakshandsaming, referatskriving og dokumentasjon
 - 3) Manglar i prosedyren ved «oppseiing»
 - 4) Hemmelegald av prosess
- Rådmann gjekk gjennom dei 4 punkta som er tatt opp i brevet og besvarte dei ut. Spørsmål til rådmann vart besvart i møte.

Saka vart diskutert av kontrollutvalet.



Votering:

Forslag til vedtak – alternativ 1:

Som skuleeigar har kommunen ansvar for både elev, foreldre og tilsette. Kontrollutvalet ber administrasjonen syta for at det er gode rutinar for at alle involvere vert godt ivaretatt, både i forhold til opplæringslova, arbeidsmiljølova og forvaltningslova.

Kontrollutvalet vil når pågåande forvaltningsrevisjon av opplæringsområdet ligg føre, vurdere behovet for fleire tiltak t.d. forvaltningsrevisjon i høve til arbeidsmiljølova, med spesielt fokus på «lærarsakene» omtalt i brev til kontrollutvalet i sak 27/21, eller gransking av sakene.

Forslag til vedtak – alternativ 2:

Kontrollutvalet setter i gang prosessen med å utarbeide gransking av sakene.

Det var femma forslag til å først ta ei avstemming om at ein kan stemme subsidiært.

Avstemming for å stemme subsidiært: fekk 4 stemmer for og 3 mot.

Avstemming alternativ 2: Jimmy Pasali, Harald Breivik og Dag Erik Hagesæter stemte for. Vedtaket falt mot 4 stemmer (3 for, 4 mot).

Avstemming alternativ 1: Solbjørg Årdal Sandvik, Margrethe Aven Storheim, Rolf Sandstad og Karolina Vakt skjold stemte for. **Vedtaket vant med 4 stemmer** (4 for, 3 mot).

Avstemming subsidiært: 4 for og 3 blanke stemmer.

Vedtak:

Som skuleeigar har kommunen ansvar for både elev, foreldre og tilsette. Kontrollutvalet ber administrasjonen syta for at det er gode rutinar for at alle involvere vert godt ivaretatt, både i forhold til opplæringslova, arbeidsmiljølova og forvaltningslova.

Kontrollutvalet vil når pågåande forvaltningsrevisjon av opplæringsområdet ligg føre, vurdere behovet for fleire tiltak t.d. forvaltningsrevisjon i høve til arbeidsmiljølova, med spesielt fokus på «lærarsakene» omtalt i brev til kontrollutvalet i sak 27/21, eller gransking av sakene.



28/21 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Behandling i møte:

Det var ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

29/21 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Ingen saker under eventuelt.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen saker under eventuelt.



31.05.2021

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.